

Røysterett for Alle er klar for Krakow.

13.09.2018



Røysterett for Alle er på tur til Krakow i helga.

Røysterett for Alle er klar for avreise Flesland på kortur til den polske byen Krakow. Turen er lagt opp med konserter, guida turar til Auschwitz, saltgruvene og i Gamlebyen. Turen er ein del av det store jubileumsåret 2018. Musikalsk leiar, Maria Malmsten, er med på turen og vil ha ansvaret for framføringar på katolsk messe, utekonserter og konsert i katedralen i Saltgruvene.

Turen er lagt opp i samarbeid med ESCAPE travel og på alle viktige attraksjonar er det nordisktalande guide.

Krakow, som står på Unescos verdsarvliste, ligg ved elva Wisla og vert rekna som kulturhovudstaden i Polen. For 100 år sidan var byen hovudstaden i Polen. I Gamlebyen finn vi mange spor frå denne storhetstida.

Ei sterk oppleveling vert turen til utryddingsleiren Auschwitz i utkanten av byen. Meir enn 1 millionar menneske vart gassa eller tekne livet av på andre måtar. Tur til Salgruvene høyrer med. Deler av gruvene er tilrettelagt for turistar med gruvegangar og attraksjonar mange hundre meter under jorda. Særleg interessant er det å få sjå korleis gruvearbeidarane arbeidde og levde i gruvene.

Alt i morgen på kvelden skal koret vera med på katolsk messe i St. Nicholas kyrkja der ein skal framføra nokre songar som ein del av messa for deretter å ha eigen konsert. Kvelden vert avslutta med middag i det Jødiske Kvartal.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Røysterett for Alle



Koret bur sentralt like ved den store torgplassen med mathallar, kyrkjer, rådhus og museum. Torgplassen er størst av alle i Europa.